

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 1994



"TRE SØSTRE" Bak frå venstre: Gøril Haukebø, Kai Remlov, Morten Borgersen, Randolph Walderhaug, Ole Ludvig Vandbakk, Johan B. Kjeldsberg, Hans Petter Meirik, Arnhild Litlere, Knut Ivar Bøe og Aril Martinsen. Foran: Vivi Sunde, Anette Hoff og Turi Tarjem.

«Teatret Vårt»  
AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

# HOVUDTREKK 1994



"EG ER KVINNFOLK"

Knut Ivar Bøe og Gøril Haukebø.

## INNHOLD

|                            |          |
|----------------------------|----------|
| Hovudtrekk 1994            | side 2   |
| Teatret Vårt på festivalar | side 3   |
| Repertoaret 1994           | side 4-5 |
| Sal og informasjon         | side 6-7 |
| Teaterstatistikkar         | side 8-9 |
| Amatørteaterdrifta         | side 10  |
| Resultatrekneskap          | side 11  |
| Balanse                    | side 12  |
| Revisor si fråsegn         | side 13  |
| Styret si fråsegn          | side 19  |
| Teatret sitt personale     | side 16  |

Framsidebilete: "TRE SØSTRE"

AS Regionteatret i Møre og Romsdal legg fram sin rapport om verksemda i 1994:

- Utvikling av prosjektkommunar for teaterformidling og prosjektkommunar for utbygging av skuleteaterplan.
- Auka rammevilkår.
- Eigeninntekt stipulert til 1.310.000 kroner.
- Kvalitativ, kunstnarleg fordjupning i arbeidet med to store teatrale produksjonar.

## RESULTAT AV MÅL FOR 1994

### Framsyningar, eigeninntekte og publikumsbesøk

#### To hovudframsyningar:

"**TRE SØSTRE**" av Anton Tsjekov  
(åpne framsyningar og skulefram-syningar for vidaregåande skular)

"**BRØDRENE LØVEHJERTE**" av Astrid Lindgren (åpne familieframsyningar og skuleframsyningar for grunnskulen)

Satsing på store og utfordrande klassiske verk ga stor uttelling kunstnarleg og kvalitativt i samband med publikum og presse. Arbeidet med internasjonal russisk instruktør og ein ensemblemodell med skodespelarar frå fleire teater forsterka teatret sin profil og linje i dette arbeidet.

Teatret blei invitert på gjestespel til Moskva kunstnarteater. Dette blei dessverre ikkje økonomisk mogleg å gjennomføre. Men teatret gjesta Festspela i Bergen og Nordiske Teaterdagar/Regionteaterfestivalen i Oslo.

#### Tre oppsökjande framsyningar:

"**SPRIT**" av Børje Lindstrøm.  
Skuleframsyning for barn mellom 8 og 12 år.

"**EG ER KVINNFOLK**" musikalsk kabaret for lag/organisasjonar etc.

"**EN LITEN IDIOT**" av Lars Vik.  
Urpremiere i samarbeid med Norsk Dramatikkfestival.

Dette utgjorde eit variert repertoar til ulike målgrupper.

Totalt viste vi 143 framsyningar som blei sett av 13.018 menneske.

På grunn av manglande kompen-sasjon for pris- og lønnsauke blei verksemda i 1994 redusert med omsyn til antall spelestader. Difor blei og publikumstalet redusert samanlikna med 1993.

Eigeninntekter for 1994 blei 1.216.446 kroner. Det er 48.554 kroner lågare enn budsjettet. Men med gode budsjettutiner som sikra innstramming av kostnadar, kom vi allikevel ut med eit overskudd i 1994 på 21.500 kroner.

Svikt i inntekter skuldast eit stort bort-fall av skuleframsyningar våren 1994 på grunn av lærarkonflikt i vidaregående skule. Dette blei kom-pensert med kostnadskutt hausten 1994.

### Klassikarar for voksne, ungdom og barn.

I 1994 haldt vi fram med arbeidet med klassikarane - nå med vekt på utanlandske klassikarar, medan vi i 1993 konsentrerte oss om norske.

Året starta med Anton Tsjekovs ver-densklassikar "Tre Søstre" i regi av den prisbelønte russiske instruktøren Sergej Genovatj. I stykket møter vi desillusjonerte menneske som strevar med å finne balansen mellom drau-mane sine og røynda - menneske som strevar med å gje liva sine kontinuitet - menneske som "er seg selv nok" fordi dei er så redde for kvardagen og augneblinken og heller lev i fortida eller framtida.

Med "Tre Søstre" haldt vi fram med vår oppdagingsreise gjennom klas-sikarane. Vi la og til rette for fordjup-ing og skulering for skodespelarane,

samstundes med prosessen å skape ei framsyning.

Haustens klassikar "Brødrene Løvehjerte" - eit eventyr om liv, død og frihet - var retta mot barn og ungdom. "Brødrene Løvehjerte" markerte starten på vårt antivoldsprosjekt for barn og ungdom hausten 1994 og våren 1995. Knytta til prosjektet var og barnepsykiatar Per Skjælaaen. "Brødrene Løvehjerte" møtte publikum ein storebror som aldri er redd og ein veslebror som blir modig gjennom å få og ta ansvar - to brør som tør å vise kor glade dei er i einannan. Men Astrid Lindgrens store eventyrklassikar handlar og om kampen mellom dei evige kreftane: Det gode og det onde. Og om det å skulle døy.

### Kafeteater - populært og mangfoldig

Kafeteater i teaterhuset i Molde ca. annankvar laurdag har blitt eit populært tiltak med eit stort, trufast og engasjert publikum. Tilsammen i 1994 blei det arrangert 17 Kafeteaterframningsar. Disse blei sett av 697 menneske. Repertoaret - som spenner fra møte med "Tre Søstre"-instruktør Sergej Genovatj til konsert med ung rockegruppe - syner at Kafeteatret har blitt ein møtestad, ein førebuing til framningsane og ei scene for framvisning av profesjonell- og amatørkultur. Publikum har vært svært positive til å få sjanse til å bli kjent med teatret på eit anna vis: Møte med instruktør, forelesningar/debattar knytta til hovudoppsetjingane ved teatret og Open Hus har skapt ein stimulerande dialog mellom teatret og publikum.

Teatret Vårt engasjerte seg og aktivt i arbeidet for å hjelpe den krigsramma byen Sarajevo. På oppfordring frå Norsk Skodespelarforbund samla Teatret Vårt inn omlag 25 000 kroner til teaterkunstnarar i den tidlegare jugoslaviske byen. Innsamlingsresultatet vakte oppsikt - vi var det teatret i Norge som lå klart på topp med omsyn til beløp. Pengane fikk vi inn ved innsamling, kulturauksjon under Teaterfestivalen i Ålesund, salg av t-skjorter og Kafeteater for Sarajevo.

# TEATRET VÅRT PÅ FESTIVALAR

### Teaterfestivalen i Ålesund

Teaterfestivalen i Ålesund blei arrangert for andre året og blei nok en gang ein suksess. Teatret Vårt arrangerte festivalen saman med Ålesund Teaterfestival og Riksteatret. På årets festival viste Teatret Vårt seks framningsar av "Tre Søstre". Vi hadde og ei framsyning av "Sprit". I tilknytning til "Tre Søstre" arrangerte vi og eit Tsjekov-seminar med professor i teatervitenskap Kjell Helgheim.

"Sprit"-framningsa var eit ledd i ein større fylkeskonferanse om formidling av teater for barn og ungdom i regi av Teatret Vårt.

### Nordiske Teaterdagar/Region-teaterfestivalen i Oslo

Teatret Vårt deltok med "Tre Søstre" og "Sprit" som blei spela to ganger kvar.

Teatret Vårt var og "case" på eit seminar om forholdet mellom presse og teater, der Teatret Vårt sitt informasjonsarbeid blei nytta som eksempel og grunnlag for debatt. Deltakarar var representantar for rikspresso og teater.

### Norsk Dramatikkfestival

Det absurde klovnnespelet "En Liten Idiot" av Lars Vik var Teatret Vårt sitt bidrag til Norsk Dramatikkfestival - ein festival for presentasjon av ny, norsk dramatikk. Vivi Sunde hadde regien. Aril Martinsen spela Store Klovn og Randolph Walderhaug spela Lille Klovn. Stykket handlar om det lille mennesket som kjempar for å frigjere seg frå autoritetane. "En Liten Idiot" fekk svært god mottaking i presse og blant publikum på Det Norske Teatret der festivalen blei arrangert.

### Dramatikerverkstad

Våren 1994 arrangerte vi og Dramatikerverkstad for forfattarar med spesiell interesse for å skrive for barn og ungdom. Dramatikerverkstaden blei arrangert i samarbeid med Universitetet i Trondheim og Trøndelag Teater

## TERATRET SIN PROFIL

**«Teatret Vårt»** er eit LOKALT teater med tre scener på heimebane i Molde.

**«Teatret Vårt»** er eit REGIONALT teater med turneansvar og kulturfmidlingsansvar i samarbeid med kommunane i fylket.

**«Teatret Vårt»** er eit NASJONALT teater kor vi henter inn skodespelarar frå andre av landets teatre, og kor alternative arbeidsprosessar og distinkt profil skapar respekt på landsbasis.

**«Teatret Vårt»** er eit INTERNASJONALT teater som satser på verdensdramatikkens klassikarar i møte med internasjonale instruktørar på høgt nivå.

# REPERTOAR 1994

## Hovudframningsar Store Sal teaterhuset Forum og turne

### "TRE SØSTRE" av Anton Tsjekov.

Premiere 5. mars 1994. 39 framningsar, av desse 3 skuleframningsar for vidaregåande skule. I tillegg 2 framningsar ved Festspela i Bergen og 2 framningsar ved Nordiske Teaterdagar i Oslo. Totalt 43 framningsar.

Regi: Sergej Genovatj.

Scenografi: Youri Galperin.

Tolk: Tatjana Oskolkova

Med: Morten Borgersen, Knut Ivar Bøe, Gøril Haukebø, Anette Hoff, Johan B. Kjeldsberg, Arnhild Littlere, Aril Martinsen, Hans Petter Meirik, Kai Remlov, Vivi Sunde, Turi Tarjem, Ole Ludvig Vandbakk og Randolph Walderhaug.

### "BRØDRENE LØVEHJERTE"

av Astrid Lindgren. Premiere 7. oktober 1994. 15 skuleframningsar for ungdomsskulen og 45 familieframningsar. Totalt 60 framningsar.

Dramatisering: Eva Skøld

Oversettelse og regi: Morten Borgersen.

Scenografi og musikk: Arne Nøst.

Koreografi: Knut Morten Damm.

Med: Gøril Haukebø, Svein Roger Karlsen, Johan B. Kjeldsberg, Aril Martinsen, Nora Plau, Terje Ranes, Even Rasmussen og Randolph Walderhaug.

### MINDRE FRAMNSYNINGAR

#### "SPRIT" av Børje Lindstrøm.

Noregspremiere 22. januar 1993.

16 framningsar i 1994, av desse 14 skuleframningsar.

Omsatt og omarbeida av Vivi Sunde

Scenografi: Don Clanton/Helge Hoff Monsen

Med: Gøril Haukebø/Vivi Sunde, Svein Roger Karlsen/Ole Ludvig Vandbakk og Turi Tarjem.

### "EN LITEN IDIOT" av Lars Vik.

Urpremiere ved Norsk Dramatikk festival 16. juni 1994. Totalt 6 framningsar. Regi: Vivi Sunde

Med: Aril Martinsen og Randolph Walderhaug.

### "EG ER KVINNFOLK"

Premiere oktober 1992. 2 framningsar i 1994. Regi: Morten Borgersen.

Med: Gøril Haukebø (sang) og Knut Ivar Bøe (trekkspel).



"BRØDRENE LØVEHJERTE"  
Randolf Walderhaug t.v. som Jonatan Løvehjerte  
og Even Rasmussen som lillebror Kavring.



"EN LITEN IDIOT"  
Randolf Walderhaug t.v. som Lille Klovn og Aril Martinsen t.h. som Store Klovn.

# REPERTOAR 1994

## Kafeteater - mangfald og kontinuitet

### PROGRAM VÅR 1994:

Foajeen  
15.1:  
**"Kyrkjekultur i glede".**  
Konsert med Sunndal/Ulsteingruppa av Møre-musikarane.

Teaterkafeen  
29.1:  
**"Fra Moskva til Molde".**  
Om vårens hovedoppsetjing "Tre Søstre". Møte med den russiske instruktøren Sergej Genovatj. Opplesning av Tsjekov-novelle ved skodespelar Randolph Walderhaug. Russisk trekkspele-musikk ved musikar Knut Ivar Bøe.

Teaterkafeen  
12.2:  
**"Klassisk rock og dobbel trio".**  
Konsert med Molde/Vestnesgruppa av Møremusikarane.

Teaterkafeen  
26.2:  
**"En time i Tsjekovs tegn".**  
Foredrag/debatt om forfattaren Anton Tsjekov med kulturredaktør og idehistorikar Therese Bjørneboe.

Store Sal  
12.3:  
**"Monologer for Gud og hvermann".**  
Dokketeater for ungdom og vaksne bygd på bibelske tekstar. Av og med Katta i Sekken. Samarbeid med Molde Kirkeakademi.

Teaterkafeen  
9.4:  
**"Vennskap".**  
Barneviseprogram med Ulsteingruppa av Møre-musikarane.

Store Sal  
30.4:  
**"Ung kultur".** Presentasjon av Møre og Romsdal sitt bidrag til landsmønstringa av Ungdommens Kulturmønstring.

### PROGRAM HAUSTEN 1994

Heile teaterhuset  
3.9:  
**"Åpent hus".**  
Omvisning, åpne prøver på "Brødrene Løvehjerte", foredrag om barns forhold til døden, teiknekonkurranse for barn, utstilling av barneteikningar.

Teaterkafeen  
17.9:  
**"Astrid Lindgrens liv og diktning".**  
Foredrag/debatt ved forfattar og Lindgren-omsetjar Jo Tenfjord.

Teaterkafeen  
24.9:  
**"Musikk for folk".**  
Konsert med Møremusikarane. Presentasjon av lokale sangskattar fra Møre og Romsdal.

Teaterkafeen  
1.10: **"Musikk og lyrikk".**  
Lyrikar Alf Sæther og gitarist Stein Helge Solstad i ein musikalisk og lyrisk time for to.


Store Sal  
25.10:  
**"Vi spiller for Sarajevo".**  
Musikkabareten "Eg Er Kvinnfolk" med Gøril Haukebø og Knut Ivar Bøe og klovnespelet "En Liten Idiot" av Lars Vik i regi av Vivi Sunde med Aril Martinsen og Randolph Walderhaug. Bidrag til den internasjonale aksjonen til støtte for kunstnare i Sarajevo.

Store Sal  
29.10:  
**"Farvel Krakow".**  
Musialsk-dramatisk møte med den jødiske verda i Aust-Europa. Av Bente Kahan. Med Bente Kahan, Darius Swinoga og Miroslaw Kuzinak fra Teater Dybbuk. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.

Teaterkafeen  
12.11:  
**"Rock'n roll kafeteater".**  
Konsert med rockegruppa "The Plums".  
I samarbeid med Møremusikarane.

Teaterkafeen  
26.11:  
**"Jazz og poesi".**  
Konsert med Inger Johanne Brunvoll, Torstein Fuglseth, Torgeir Døssland og Ine Harang (opplesing). Musikalsk og lyrisk vandring i m.a. Knut Ødegårds og Halldis Moren Vesaas' diktarlege verdnar.

Teaterkafeen  
10.12:  
**"Musikalisk julebrygg".**  
Konsert med Molde/Vestnes-gruppa av Møremusikarane.



"TRE SØSTRE"  
Vivi Sunde t.v. som Masja, Turi Tarjem t.h. som Olga og Anette Hoff som Irina.

# SAL OG INFORMASJON

"Tre Søstre" og "Brødrene Løvehjerte" og dei tre oppsökande framsyningane "Sprit", "Eg Er Kvinnfolk" og "En Liten Idiot" danna eit variert repertoar til ulike målgrupper i 1994.

Totalt så 13 018 menneske fram- syningane våre. Dette er 7449 færre enn i rekordåret 1993. Men i 1993 hadde vi tre hovudproduksjonar, i 1994 berre to. Færre produksjonar i 1994 var resultat av manglande kompensasjon for pris- og lønnsauke i tildelingene frå stat, kommune og fylke, noko som ga utslag i lågare turneaktivitet.

Samarbeidet med prosjektkommunar for teaterformidling haldt fram, utan at dette resulterte meir enn i formalisering av samarbeidet med ein kommune - Ulsteinvik - av dei 12 inviterte. Men vi ser ei større interesse og forståing for å utvikle dette samarbeidet på sikt. Filosofien er felles ansvar mellom teater og lokal kulturetat for formidlingsarbeidet av teater i kommunane. Dialogen med dei andre 11 inviterte kommunanen har gjeve resultat i ei rekke samarbeidsprosjekt. Men det er mykje som står att av haldningar til profesjonell formidling av teater i kommunane.

Prosjektkommunar for utbygging av skuleteaterplan blei møtt med stor interesse frå ei rekke kommunar i samanheng med våre tilbod, men ingen konkrete lovnadar. På grunn av lærarkonflikt i vidaregåande skule, falt mange av skuleframsyningene av "Tre Søstre" ut. Ovanfor grunnskulen var tilbodet om "Brødrene Løvehjerte" populært, men fleire ungdomskuler hadde manglande rutiner og haldningar til teater, noko som gjorde at det var dei "ressurssterke" skulane som i størst grad nyttet seg av teatertilboden til elevane.

Fra 1994 blei prosjektmodell for formidling av teater og for skuleteater slått saman i invitasjonen til kommu-

nane.

Av våre 143 framsyningar i 1994 var 84 reine barne/ungdomsframsyningar (56%) og av våre 13.018 publikumsmare totalt var 7.585 barn og ungdom (53%).

I samarbeid med Statens senter for lærarutdanning ga vi tilbod om lærarkurs knytta til "Tre Søstre" for vidaregåande skuler. Dette blei i liten grad nytt, grunna konflikten i skulen våren 1994.

I samarbeid med Volda lærarhøgskule haldt vi hausten 1994 fram med skuleteaterplanen vår. Tittelen var: "Angsten eter sjelen - en antivoldskampanje sesongen 1994/95". Planen rommar kurs og teaterverkstad omkring tema som valdsauke i samfunnet, verdiar som solidaritet, barn og unge si kjensle av skuld i samband med sorg og død - sett i samanheng med repertoaret vårt hausten 1994 ("Brødrene Løvehjerte") og våren 1995 ("A Clockwork Orange").

I 1994 haldt vi fram med sals- og marknadsføringsarbeidet retta mot bedrifter og organisasjonar i Molde og på turnestadene i fylket for kjøp av heile framsyningar og organisert kjøp av billettar. Eit slikt samarbeid krev god oppfølgjing, og vi ser auka interesse frå næringsliv, lag og andre grupper for å bruke teatret som eit sosialt og kulturelt tilbod for til dømes ansatte og medlem.


Som eit ledd i arbeidet mot næringslivet fekk vi sponsoravtaler med Braathens SAFE og Romsdals Budstikke. Avtala med Braathens SAFE blei og overført til 1995.

Teatret Vårt fekk stor og jamn merksemrd i media i 1994 - spesielt i Molde, men og ellers i fylket. Dialogen med pressa var god og kontinuerlig, og vi merker ei svært positiv haldning til stoff og tips frå teatret. Merksemda frå riksmedia auka og i 1994. Ein skarp profil kombinert med

eit spanande repertoar og nytenking i høve til kunstnarleg arbeidsmåte og ensemble (m.a. internasjonal satsing på regisida) har vore med på å plassere Teatret Vårt på "riksmedia-kartet".



*"TRE SØSTRE"*  
Arnhild Littlere som Natasja.



*"TRE SØSTRE"*  
Morten Borgersen som Kulygin.

# SAL OG INFORMASJON

## Pressekipp frå året som gjekk

### OM "TRE SØSTRE":

"Tsjekovs "Tre Søstre" i stilren og klassisk støpning på Nordvestlandet. Mer enn søstrenes savn og lengsler utforsker oppsetningen deres rotløshet. Scenerommet er fascinerende og frapperende funksjonelt(...) Dette er stramt og klart regiteater. Det er spesielt tydelig i spillet som preges av jevnt ensemble-spill".

HANS ROSSINÉ  
DAGBLADET

"For tiden er det trivelig å besøke Teatret Vårt i Molde. Teatret er ikke i en periode av vekst og utvikling. Og gårdsdagens premiere på Tsjekovs "Tre Søstre" bringer nok en gang teatret et skritt videre(...). Resultatet er en oppsetning hvor skuespillerne får strukket og tøyet sine potensialer, en mental øvelse som sikkert vil gi resultater utover denne oppsetningen(...). "Tre Søstre" i Sergej Genovatjs regi er (...) en vakker forestilling (...) Et samstemt ensemble henter fram de mange detaljer og nyanser som gjør "Tre Søstre" så rikt"

ASTRID SLETBAKK  
VG

""Tre Søstre" har blitt kraftfullt og farlig teater. Den russiske suksess-instruktøren Sergej Genovatj (...) nærmer seg i partier den svarte komedien (...). Fra første stund finnes det er friskhet i forholdet mellom de tre søstrene. (...) Søstrene spilles overbevisende av Turi Tarjem, Vivi Sunde og Anette Hoff. (...) Kai Remlov har vel aldri vært så helstøpt i noen rolle. (...) Masja er nydelig spilt av Vivi Sunde".

JO BECK-KARLSEN  
BERGENS TIDENDE

"Det er prisverdig av Teatret Vårt å endelig ha Tsjekov på programmet (...) en hederlig forestilling, intens, munter og varm. Den røsker i sjela di. Første

akt begynner med en sprut og intensitet som nesten tar pusten fra deg (...). Først og fremst er denne forestillingen et fellesprodukt. (...) Gratulerer til Teatret Vårt! Til våre russiske gjester, takk og velkommen igjen!"

GUTTORM ELDØEN  
ROMSDALS BUDSTIKKE

### OM

### "BRØDRENE LØVEHJERTE":

"Med enkle, symbolske og abstrakte virkemidler har Teatret Vårt villet fortelle den vidunderlige historien om brødrene Jonatan og Kavring Løvehjerte (...) Regissør Morten Borgersen har tydelig innsett at teatret ikke makter å gjenfortelle brødrene Løvehjertes eventyrferd til Nangijala i all sin bredde, som i filmen og boka. I stedet satser han på teatrets eget språk, gjennom en rekke symbolmettede bilder".

HANS ROSSINÉ  
DAGBLADET

"Fantasireise til å tro på. Hadde du forventet deg blod, ildsprutende og mekaniske monstre og virkelig brutalitet som på film, oppfyller ikke "Brødrene Løvehjerte" på Teatret Vårt forventningene dine. Fra første sakrale tone blir du leid inn i et eventyr med annerledes og enkle virkemidler. Og fordi scenelandskapet er så rent, blir skuespillerprestasjonene større. Ja, jeg tror på Nangijala".

ANN KRISTIN FRØYSTAD  
ROMSDALS BUDSTIKKE

"Ei perle fra Teatret Vårt. (...) Teatret Vårt skjøt blink med høstens turnestykke (...) Og hvem kunne kjede seg over en så handlingsmettet og spennende historie? Ikke de unge, i alle fall, og en bedre målestokk kan Teatret Vårt neppe få. (...) Frilanser Even Rasmussen er som skapt for rollen som veslebror Kavring, og hans samspill med Randolph Walderhaug

som Jonatan er det som bærer stykket. (...) en tett og stram regi - her har teatersjef Morten Borgersen gjort litt av en jobb. Arne Nøst fra Molde står for effektfull musikk og scenografi. Lyssettinga i dette stykket er rett og slett fremragende".

MAGNE TORSET  
SUNNMØRSPOSTEN

### OM "EN LITEN IDIOT"

"Herlige klovnefakter - et paradenummer"

BERGENS TIDENDE

"Aril Martinsen og Randolph Walderhaug skaper to herlige klovneskikkelser, og gjennom et utall fine, små detaljer levendegjør de det absurde forholdet mellom de to mennene uten noensinne å gå ut av klovneillusjonen. En sann fornøyelse".

NATIONEN



"TRE SØSTRE"  
Aril Martinsen som Andrej.

# TEATERSTATISTIKKAR

**FRAMSYNINGAR OG  
BILLETTINNTEKTER**

|                           |        |
|---------------------------|--------|
| Publikum                  | 13.018 |
| Framsyningar              | 143    |
| Billettintekter           | 901.89 |
| Gj.snitt inntekt pr.bill. | 69.28  |

**SALS- OG INFOKOSTNADER**

|                                    |            |
|------------------------------------|------------|
| Annonsar framsyningar              | 228        |
| Annonsar andre                     | 55         |
| Reklame/plakatar/<br>fotografering | 111        |
| Program                            | 51         |
| Anna                               | 30         |
| <b>TOTALT</b>                      | <b>475</b> |

**PERSONALUTGIFTER I**
**1000 KRONER**

|                                     |              |
|-------------------------------------|--------------|
| Teatersjef/administr./info          | 778          |
| Sals- og info-personale             | 524          |
| Skodespelarar                       | 2.091        |
| Teknisk avdeling                    | 1.428        |
| Systove                             | 263          |
| Amatørteateravdeling                | 294          |
| Sufflør                             | 89           |
| Dramaturg                           | 64           |
| Musikar/komponist                   | 86           |
| Andre                               | 669          |
| <b>TOTALT FASTE/<br/>ENGASJERTE</b> | <b>6.286</b> |

**FAST TILSETT PERSONALE**

|                             |           |
|-----------------------------|-----------|
| Teatersjef/administr./info  | 6         |
| Skodespelarar               | 6         |
| Teknisk personale           | 6         |
| Systove                     | 2         |
| Dramaturg                   | 2         |
| Amatørteateravdeling        | 1         |
| <b>TOTALT FAST TILSETTE</b> | <b>23</b> |
| Utgjer 22 heile stillingar  |           |

**DELTIDSTILSETTE**

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 107 personar på deltid i løpet av året.

**TOTALE DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER**

|                                    |           |
|------------------------------------|-----------|
| Eigne inntekter                    | 1.261.446 |
| = prosent av totale driftsutgifter | 8.76      |

**TILSKOTT**

|                       |                   |
|-----------------------|-------------------|
| Staten                | 8.794.110         |
| Fylkeskommunen        | 1.885.710         |
| Molde kommune         | 1.884.310         |
| <b>SAMLA TILSKOTT</b> | <b>12.564.130</b> |

**PUBLIKUMSTAL I 1994**

| Produksjonar                      | Framsyningar | Publikumstal  | Bill. intekterar |
|-----------------------------------|--------------|---------------|------------------|
| Tre Søstre                        | 43           | 3.600         | 293.312          |
| Brødrene Løvehjerte               | 60           | 8.063         | 513.940          |
| En Liten Idiot                    | 6            | 375           |                  |
| Eg Er Kvinnfolk                   | 2            | 80            |                  |
| Sprit                             | 16           | 900           |                  |
| <b>Tot. ordinære framsyningar</b> | <b>143</b>   | <b>13.018</b> | <b>850.000</b>   |

**TILSKOTT, INNTEKTER, FRAMSYNINAR OG TILSKODARAR  
DEI SISTE FEM ÅRA**

| År   | Eiga inntekt | Offentlege tilskott | Billett intekterar | Tal på framsyningar | Tal på tilskodarar |
|------|--------------|---------------------|--------------------|---------------------|--------------------|
| 1994 | 1.261.446    | 12.564.130          | 901.899            | 143                 | 13.018             |
| 1993 | 1.527.547    | 12.295.051          | 1.263.549          | 262 *               | 32.048 *           |
| 1992 | 1.148.649    | 12.329.928          | 993.965            | 246                 | 19.322             |
| 1991 | 1.035.754    | 11.614.000          | 605.535            | 256                 | 16.645             |
| 1990 | 828.000      | 11.164.00           | 465.100            | 271                 | 28.909             |


\* v/Teatret Vårt 20.467 tilskodarar 204 framsyningar  
v/DNS 8.672 tilskodarar 32 framsyningar  
v/Riksteatret 2.909 tilskodarar 26 framsyningar

**TEATERDRIFTA I SAMFUNNS  
ØKONOMISK SAMANHENG**

|                       |            |
|-----------------------|------------|
| Totale driftsutgifter | 14.133.868 |
|-----------------------|------------|

|   |           |
|---|-----------|
| Lønsutgifter inkl.<br>opp. ikkje utbet.<br>feriep.samt arb. gj.<br>avg., styrehonorar<br>og stipend | 8.948.224 |
|---|-----------|

|                                    |           |
|------------------------------------|-----------|
| i prosent av totale driftsutgifter | 63,31     |
| Skattetrekk tilsette               | 1.965.949 |
| Arbeidsgjevaravgift                | 1.009.238 |



**"BRØDRENE LØVEHJERTE"**  
Foran: Gøril Haukebø og Even Rasmussen. Bak: Johan B. Kjeldsberg.

# TEATERSTATISTIKKAR

## FRAMSYNINGAR OG BILLETTSAL FOR BARN OG UNGOM

| Framsyningar        | Skuleframsyningar | Tilskodarar barn/ungdom |
|---------------------|-------------------|-------------------------|
| Sprit               | 14                | 750                     |
| Tre Søstre          | 5                 | 1000                    |
| Brødrene Løvehjerte | 15                | 5.531                   |
| En Liten Idiot      | -                 | 54                      |

## PÅ TOPP I 1994

|                     |                   |
|---------------------|-------------------|
| Brødrene Løvehjerte | 8.063 tilskodarar |
|---------------------|-------------------|

## TRE PÅ TOPP PUBLIKUMSBESØK 1972-1994

### Barne- og familieframsyningar

| Tittel/år                               | Framsyningar | Publikum |
|---|--------------|----------|
| 1. Snøkvit og Dvergane/1977             | 53           | 16.269   |
| 2. Dyrekuben møter Torden-Olsen/1980-81 | 57           | 9.000    |
| 3. Brødrene Løvehjerte/1994             | 60           | 8.063    |

### Framsyningar for ungdom

| Tittel/år                       | Framsyningar | Publikum |
|---------------------------------|--------------|----------|
| 1. Du vil vel bli lykkelig/1976 | 58           | 8.910    |
| 2. Fremmed/1979                 | 35           | 8.000    |
| 3. Lærlingen/1978               | 27           | 6.750    |

### Klassikarar

| Tittel/år         | Framsyningar | Publikum |
|-------------------|--------------|----------|
| 1. Victoria/1993  | 56           | 13.399   |
| 2. Tre Par/1974   | 39           | 6.601    |
| 3. Peer Gynt/1993 | 54           | 6.169    |

### Moderne dramatikk

| Tittel/år                | Framsyningar | Publikum |
|--------------------------|--------------|----------|
| 1. Trafford Tanzi/1984   | 42           | 8.685    |
| 2. Glassmenasjeriet/1983 | 36           | 4.850    |
| 3. Woyzeck/1977          | 43           | 4.117    |

### Norske urpremierer

| Tittel/år                            | Framsyningar | Publikum |
|--------------------------------------|--------------|----------|
| 1. Dyrekuben møter Torden-Olsen/1980 | 57           | 9.000    |
| 2. Der storbåra bryt/1979            | 45           | 7.600    |
| 3. Lærlingen/1978                    | 27           | 6.750    |

### Komediar

| Tittel/år                                | Framsyningar | Publikum |
|--|--------------|----------|
